



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
008/19	Utval for samfunn, kultur og næring	03.12.2019
007/19	Eldrerådet	09.12.2019
007/19	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	09.12.2019
004/19	Ungdomsrådet	09.12.2019
043/19	Kommunestyret	11.12.2019

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv -framlegg til vedtak

Vedlegg i saka:

25.11.2019	Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune	1325509
25.11.2019	Handlingsprogram 2020-2023 sunnfjord.Oppdatert	1325512
25.11.2019	Omtale av alle anlegg i planen.Oppdatert	1325513
25.11.2019	Oversikt over innspel til planen og kommentarar frå administrasjonen	1325510
25.11.2019	Planprogram Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv med bilder og mal_GK	1325511
25.11.2019	Fråsegn til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune (DokID 1331553)	1325478
25.11.2019	Innspel plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020-2023 (DokID 1331611)	1325479
25.11.2019	Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (DokID 1331561)	1325480
25.11.2019	Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (DokID 1331602)	1325481
25.11.2019	Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (DokID 1331603)	1325482
25.11.2019	Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (DokID 1331605)	1325483
25.11.2019	Innspel til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune (DokID 1331572)	1325484
25.11.2019	Innspel til kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune (DokID 1331705)	1325485
25.11.2019	Innspel til plan for idrett og fysisk aktivitet (DokID 1331609)	1325486
25.11.2019	Innspill om idrett og aktivitet (DokID 1331538)	1325487
25.11.2019	Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, uttale frå Jølster IL (DokID 1331606)	1325488
25.11.2019	Merknad til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv - Sunnfjord kommune (DokID 1331621)	1325489

25.11.2019	Naustdal Fram ynskjer å støtte opp om fortsatt gode lokalmiljø i grendene i Naustdal (DokID 1331704)	1325490
25.11.2019	NaustdalNaustet (DokID 1331703)	1325491
25.11.2019	Naustet i Naustdal - innspel til kommuneplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (DokID 1331700)	1325492
25.11.2019	Omtale av nyeplanlagde anlegg (DokID 1331562)	1325493
25.11.2019	Rehabilitering av eksisterande snøproduksjonsanlegg (DokID 1331522)	1325494
25.11.2019	Søknad om løyve til å køyre opp turløyper for ski i LNF område i Sundsda. (DokID 1331351)	1325495
25.11.2019	Tilbakemelding på kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023 (DokID 1331601)	1325496
25.11.2019	Tilbakemelding Sunnfjord kommune sin plan for fysisk aktivitet frå Fylkeskommune	1325506

Innstilling frå Utval for samfunn, kultur og næring 03.12.2019:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023, oppdatert 25.11.19.

Vedlegga handlingsprogram og omtale av anlegga skal oppdaterast etter innspel før utsending av vedteken plan.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023, oppdatert 25.11.19.

Vedlegga handlingsprogram og omtale av anlegga skal oppdaterast etter innspel før utsending av vedteken plan.

Behandling i Utval for samfunn, kultur og næring 03.12.2019:

Utvalet drøfta saka

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

USKN-008/19 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023, oppdatert 25.11.19.

Vedlegga handlingsprogram og omtale av anlegga skal oppdaterast etter innspel før utsending av vedteken plan.

Behandling i Eldrerådet 09.12.2019:

Eldrerådet fremja følgande framlegg til uttale:

"Eldrerådet har ingen merknader til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv"

Avrøysting:

Eldrerådet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ELDR-007/19 Vedtak:

Eldrerådet har ingen merknader til kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Behandling i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 09.12.2019:

Rådet fremja følgende framlegg til uttale:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.»

Avrøysting:

Rådet sitt framlegg vart **samrøystes vedteke**

RMNF-007/19 Vedtak:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Behandling i Ungdomsrådet 09.12.2019:

Ungdområdet fremja følgende framlegg til vedtak:

"Ungdomsrådet sluttar seg til planen, med følgende tillegg:

- Det er særleg viktig at anlegg til turn blir prioritert, det er stor interesse og veldig lang venteliste
- Ungdomsrådet vil også oppmode om satsing på jentelag i tradisjonell "gutesport" som amerikansk fotball og flaggfotball som berre har gutelag"

Avrøysting:

Ungdomsrådet sitt framlegg vart **samrøystes tilrådd**

UR-004/19 Vedtak:

Ungdomsrådet sluttar seg til planen, med følgende tillegg:

- Det er særleg viktig at anlegg til turn blir prioritert, det er stor interesse og veldig lang venteliste
- Ungdomsrådet vil også oppmode om satsing på jentelag i tradisjonell "maskulin" sport som amerikansk fotball og flaggfotball som berre har gutelag

Behandling i Kommunestyret 11.12.2019:

Stig Tveit (AP) og Siv Karin Hestad (AP) bad om habilitetsvurdering som følge av verv som høvesvis leiar og nestleiar i Jølster IL.

Erlend Brede Fossen (SP) bad om habilitetsvurdering som følge av verv som leiar i Viksdalen idrettslag.

Åsmund Berthelsen (SV) bad om habilitetsvurdering som følge av at han har sendt inn tre innspel til planen.

Kommunedirektøren si samla vurdering: Dette gjeld ein overordna plan, så lista ligg høgt for at ein representant vert inhabil. Kommundirektøren tilrår at Tveit, Hestad, Fossen og Berthelsen er habile i saka.

Eit samrøystes kommunestyre erklærte Tveit, Hestad, Fossen og Berthelsen som habile

Avrøysting:

Innstillinga frå utval for samfunn, kultur og næring vart **samrøystes vedteke**

KST-043/19 Vedtak:

Sunnfjord kommunestyre vedtek Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2020-2023, oppdatert 25.11.19.

Vedlegga handlingsprogram og omtale av anlegga skal oppdaterast etter innspel før utsending av vedteken plan.

Bakgrunn for saka:

Det er i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» ein føresetnad at anlegget eller tiltaket det blir søkt om tilskot til, inngår i ein vedteken kommunal plan.

Kommunal plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein temaplan for Sunnfjord kommune, som i hovudsak følgjer prosesskrava etter plan- og bygningslova kap. 11.

Føremålet med planarbeidet er å få ein samla plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Sunnfjord kommune. Eit viktig mål for kommunal plan for idrett- og fysisk aktivitet er at den skal danne eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg.

Saksutgreiing:

Fellesnemnd for Sunnfjord kommune vedtok 06.02.19. formell oppstart av kommunal plan for «Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020 – 2023».

Planprogrammet vart godkjent av fellesnemnda 12.06.19.

Konklusjonen før vedtak av planprogrammet var:

Det viktigaste føremålet med denne planen er, og må vere for å komme i mål i år, at den skal gje eit grunnlag for å kunne prioritere og å søkje spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg i år 2020. Fokus no er å ha ein effektiv prosess med å sy saman dei eksisterande handlingsprogramma på ein god måte, samtidig som ein planlegg viktige prosessar og tiltak framover for ny kommune.

På bakgrunn av tidspress og situasjonen med å bygge ny kommune, er noko av arbeidet som var tenkt utført i arbeidet med planen utsett noko:

- Tiltaksplan utgår av arbeidet med planen. Men det er lagt inn at eit handlingsprogram med konkrete tiltak skal utarbeidast som første prosjekt i ny kommune. Det er viktig at aktuelle fagområder innan kommune, frivillige lag og organisasjonar og næringsverksemdar går saman om å utarbeide konkrete tiltak slik at desse vert godt forankra hjå dei som skal ha ansvar for utføringa. Det er også viktig å ikkje gjere dobbelt arbeid då mange ulike tiltak er sett i verk i dei fire eksisterande kommunane i dag. Det er mange som har god kompetanse på kva som fungerer og ikkje, og desse må vere med i dette arbeidet.
- Evaluering av eksisterande planer for dei 4 kommunane er utsett, men er tenkt utført før endeleg vedtak planen.

Prosess

Fellesnemnda for Sunnfjord kommune vedtok 06.02.19. formell oppstart av kommunal plan for «Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i Sunnfjord kommune 2020 – 2023». Melding om oppstart og høyring av planprogrammet vart annonsert og sendt

ut 06.03.19. med merknadsfrist 19.04.19. I høyringsperioden vart det halde opne kontordagar på kveldstid i alle dei 4 eksisterande kommunane. Det kom inn 19 konkrete innspel til tiltak i handlingsprogrammet frå 12 ulike aktørar/grupper og 2 innspel til planprogrammet/planen.

Det er halde møte med politisk referansegruppe 17.06.19. med fokus på innspel til Idrett og friluftspolitikk, Strategiar og Føringer for prioriteringa av anlegg. Og eit oppfølgingsmøte 29.08.19.

Planprogrammet vart vedteke 12.06.19. av Fellesnemnda og vedtak, samt oppdatert planprogram, vart kunngjort 28.06.19.

Planen vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn av Fellesnemnda for nye Sunnfjord kommune 18.09.2019. Melding om høyring av planen vart annonsert og sendt ut 26.09.19. med merknadsfrist 07.11.19 I samband med ettersynsrunden inviterer vi, i samarbeide med fylkeskommunen, Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane og Idrettskrinsen Sogn og Fjordane til eit ope dialogmøte 22.10.19. Møtet gav mykje gode innspel som vert teke med i arbeidet med tiltaksplanen.

Elles kom det innspel frå 17 aktørar med både innspel til planen og vedlegga for handlingsprogram og langtidsprogram og omtale av anlegga. Innspela er gått gjennom, oppsummert kort saman med ei kort tilbakemelding frå administrasjonen i eige vedlegg, og alle er lagt ved i si heilheit til saka. Innspela har i liten grad ført til oppdatering av plandokumenta på bakgrunn av for lite tid og resursar til oppfølging av plandokumentet no. Innspela vert teke med i det vidare arbeidet med innhaldet i planen, tiltaksplanen og alt anna arbeid som eininga Idrett og friluftsliv jobbar med framover frå 01.01.2020. Dei konkrete innspela til vedlegga : handlingsprogram, langtidsprogram og omtale av anlegga, skal oppdaterast etter innspel før utsending av vedteken plan.

Konklusjon

Planen og prosessen ber preg av ei sær s hektisk periode for alle med å bygge nye Sunnfjord kommune. Dette er likevel ein god start på det arbeidet som skal skje i ny kommune. Planen er samlande for dei 4 eksisterande kommunane og gir eit grunnlag for å kunne prioritere og å søke spelemidlar til idrett- og friluftsanlegg for Sunnfjord kommune. Hovudmåla med planarbeidet er såleis oppfylt, sjølv om ikkje innhaldet er så utfyllande som ynskt og prosessen med involvering noko manglande. Arbeidet med tiltak og oppfylting av desse må ha prioritet, saman med ulike einingar i Sunnfjord kommune, Sunnfjord idrettsråd, frivillige lag og organisasjonar, overordna myndigheiter og andre som ynskjer å bidra. Vedlegga Handlingsprogram (med alle anlegg og eit langtidsprogram) og Omtale av alle anlegg, må oppdaterast etter vedtak på bakgrunn av manglande tid/kapasitet.

Ole John Østenstad
kommunedirektør

Anne-Grete N. Rognsøy
Einingsleiar Idrett og friluftsliv

